Landbruksdirektoratet
Eanandoallodirektoráhtta

# Søknad om utleige av grunnkvote i mjølkeproduksjon

Postboks 8140 Dep
N-0033 Oslo
Telefon 78 60 60 00
postmottak@landbruksdirektoratet.no

Søknadsfrist: 1. oktober

Tøm skjema

## 1. Opplysningar om utleigar

| Hovudnummeret til eigedomen | Fylke (2 siffer) | Kommune (2 siffer) | Gardsnummer | Bruksnummer | Festenummer |
|---|---|---|---|---|---|

| | | | |
|---|---|---|---|
| Namn på eigar | | Organisasjonsnummer | |
| Adresse | Postnummer | Poststad | |
| E-postadresse | | Telefonnummer | |

## 2. Opplysningar om leigetakar

| Hovudnummeret til driftssenteret | Fylke (2 siffer) | Kommune (2 siffer) | Gardsnummer | Bruksnummer | Festenummer |
|---|---|---|---|---|---|

| | | | |
|---|---|---|---|
| Namn på føretak / leigetakar | | Organisasjonsnummer | |
| Adresse | Postnummer | Poststad | |
| E-postadresse | | Telefonnummer | |

## 3. Opplysningar om leigeforholdet

| | Mengde (grunnkvote) | Startår | | Sluttår (må ikkje oppgjevast) | |
|---|---|---|---|---|---|
| ☐ Kumjølk | liter | 01.01 | | til 31.12 | |
| ☐ Geitemjølk | liter | 01.01 | | til 31.12 | |

## 4. Stadfesting og underskrift frå eigar (utleigar)

Kryss av for rett alternativ

☐ Eg har ikkje forpaktar. ☐ Eg stadfestar at forpaktar av min landbrukseigedom samtykker i at kvoten vert leigd ut.

Kryss av for rett alternativ

☐ Eg eig landbrukseigedomen åleine. ☐ Eg stadfester at alle medeigarane av landbrukseigedomen samtykker i at kvote vert leigd ut.

Som eigar av eigedomen stadfestar eg at opplysningane i søknaden er fullstendige og korrekte og at eg er kjend med reglane for utleige av grunnkvote i forskrift om kvoteordninga for mjølk.

| Stad og dato | Underskrift |
|---|---|
| | |

versjon 1.3 - 19.04.2017

## 5. Rettleiing

1. **Opplysningar om utleigar**
   Det er utleigar som skal fylle ut og sende inn søknad om utleige av grunnkvote. Utleigar er den som på tidspunktet for søknaden eig landbrukseigedomen med grunnkvote. Oppgje eigedomen sitt hovudnummer (fylkes-, kommune-, gards-, bruks- og festenummer), namn på eigar og nøyaktige adresse- og kontaktopplysningar.

2. **Opplysningar om leigetakar**
   Fyll inn hovudnummeret til leigetakar sitt driftssenter. Oppgje namn og organisasjonsnummer, samt korrekt adresse- og kontaktopplysningar til føretaket som skal leige kvote. Dersom leigetakar ikkje har organisasjonsnummer skal du i staden oppgje fødselsnummer til leigetakaren.

3. **Opplysningar om leigeforholdet**
   Kryss av for om leigeforholdet gjeld kumjølk eller geitemjølk. Fyll inn kor mange liter grunnkvote som skal leigast ut, og sett inn årstal for når leigeforholdet startar. Du kan sjølv velje om du vil oppgje årstal for når leigeforholdet sluttar. Kvoteleige kan ikkje ta til eller avsluttast midt i kvoteåret.

4. **Stadfesting og underskrift frå utleigar**
   Kryss av for dei alternativa som gjeld deg. Til sist skal du som utleigar datere og signere søknaden.

**Send søknaden som vedlegg i e-post**
Du må sende inn ein søknad pr. leigeforhold. Send en og en søknad som vedlegg i separate e-poster til postmottak@landbruksdirektoratet.no. Alternativt kan du sende inn søknaden som vanlig post til Landbruksdirektoratet, Postboks 8140 Dep., 0033 Oslo.

Søknadsfristen er 1. oktober.

**Når får du svar på søknaden?**
Landbruksdirektoratet mottek mange søknader om utleige av grunnkvote, og sender ikkje ut stadfesting på at papirsøknader er mottekne. Ønskjer du slik stadfesting, må du søke elektronisk via Altinn eller sende inn søknaden som vedlegg i ein e-post. Landbruksdirektoratet tek ikkje ansvar for søknader som kjem bort i posten.

Søknader om utleige av grunnkvote blir behandla etter kvart som dei vert mottekne, men fordi vi mottek mange søknader, er saksbehandlingstida lang. Vi sender ut svar på søknaden til utleigar og leigetakar innan utgangen av desember.

**Vilkår**

- Det er berre eigar av landbrukseigedom med grunnkvote som kan leige ut grunnkvote.
- Dersom produksjonen av mjølk på utleigar sin grunnkvote vart avslutta før 1. januar 2011, må produksjonen på denne kvoten takast opp att i minimum to år på den landbrukseigedomen kvoten tilhøyrer før den kan flyttast til ein annan landbrukseigedom.
- Alle føretak som disponerer landbrukseigedom kan leige grunnkvote.
- Kjøpt grunnkvote kan ikkje leigast ut før neste kvoteår, og utleigar må søke om å leige ut denne kvotemengda på skjema LDIR-507 innan søknadsfristen.
- Leigeforholdet vert automatisk oppløyst på oppgjeve sluttidspunkt.
- Dersom du ikkje oppgir årstal for når leigeforholdet sluttar, vert det vidareført til du og leigetakar søkjer om å avslutte det.
- Dersom utleigar og leigetakar ønskjer å avlslutte leigeforholdet før oppgitt leigeperiode er ute, må dei søke om dette på skjema LDIR-810 innan 1. oktober for at endringa skal få verknad frå påfølgjande kvoteår.

**Lurer du på noko?**
Reglane for kvoteleige finn du i forskrift 23.12.2011 nr. 1502 om kvoteordningen for melk. Lenke til forskrifta og informasjon om ordninga med tilhøyrande skjema finn du på våre nettsider www.landbruksdirektoratet.no. Ta gjerne kontakt med oss i Landbruksdirektoratet på e-post melkekvoter@landbruksdirektoratet.no dersom du har spørsmål eller treng ytterlegare informasjon.